



Par AS
Postboks 374
5343 STRAUME

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1217 - 17/12399

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
28.04.2017

Søknad om løyve til påbygg vert avvist - gbnr 203/60 Fyllingen

Administrativt vedtak. Saknr: 197/17

Tiltakshavar: Helge Gjelsvik
Ansvarleg søkjar: Par AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og §§ 20-2 bokstav a jf. § 20-3

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av påbygg til einebustad på eigedom gbnr. 203/60

Det vert elles vist til søknad motteken 11.04.17 og supplert 27.04.17.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Det vart i vårt brev datert 25.04.2017 bedt om at søknaden vert supplert med følgjande:

1. Søknad om dispensasjon frå plankravet i § 1.1 i gjeldande kommuneplan
2. Dokumentasjon på at dispensasjonssøknaden er nabovarsla
3. Oppdatert skjema søknad om ansvarsrett som sjølvbygger.

De har i e-post datert 27.04.17 komt med tilleggsopplysningar. Vi kan ikkje sjå at moment påpeika i vårt brev datert 25.04.17 er avklart.

De har med utfylte skjema (blankett nr 5174) gjort greie for at Par As skal ha rolla som ansvarleg søkjar medan det på skjema om søknad som sjølvbygger (blankett nr. 5186) er opplyst at tiltakshavar skal ha ansvar for alle funksjonar i tiltaket. Gjennomføringsplan opplyser at Par AS skal ha rolla som ansvarleg søkjar, samt spesifisert kva funksjonar og ansvarsområde tiltakshavar tek på seg ansvar for.

Eigedomen er uregulert og er i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 avsett til bustadføre mål. Tiltaket krev at det vert søkt om og ligg føre dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen sin arealdel § 1.1. Søknad om dispensasjon krev nabovarsling.



VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforsrifta § 5-4 vert søknad om løyve til påbygg på eksisterande bustad på eigedom gbnr. 203/60 avvist. Søknaden vert avvist då saka er for mangelfult opplyst.

Avvisning vert heimla i følgjande:

- 1. Manglande søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 § 1.1 plankravet jf. SAK10 § 5-4 bokstav e) og k)**
- 2. Manglande redegjering for nabovarsling av dispensasjon i saka jf. SAK10 § 5-4 bokstav n)**
- 3. Manglande avklaring av ansvarsfordeling i saka jf. SAK10 § 5-4 bokstav p) og q)**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1217

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Helge Gjelsvik

Knappen 50

5915

HJELMÅS

Mottakarar:

Par AS

Postboks 374

5343

STRAUME